

Kunstplan

Sogndal symjehall



Innhald

Innleiing.....	3
Kunstutvalet.....	3
Sogndal.....	4
Symjehallen, vidaregåandeskule og brukarane.....	5
Skildring og analyse av bygg og plass.....	9
Kunstutvalet si overordna idé og intensjon for kunsten - område og kunstform.....	19
Metode for val av kunstnar.....	20
Formidling.....	20
Budsjett.....	21
Framdriftsplan.....	22

INNLEIING

NØKKELINFORMASJON

Prosjekt: Rehabilitering av Sogndal symjehall

Adresse: Lunnamyri 2, 6856 Sogndal

Storleik: ca. 1200 m²

Antal brukarar: ca. 700 i veka

Byggjestart: Oppstart bygging november/desember 2025

Ferdig: Overtaking 1. juli 2027

Arkitekt/entreprenør: Norconsult/HS Bygg

Den eksisterande symjehallen i Sogndal, lokalisert ved den vidaregåande skulen på Lunnamyri 2, skal rehabiliterast og få eit tilbygg med opplæringsbasseng.

KUNSTUTVALET

Kunstutvalet starta sitt arbeid 8. april 2026 og er sett saman slik:

Sara Kollstrøm Heilevang:	kunstfagleg konsulent og utvalet sin leiar.
Geir Bjarne Høydal:	Avdeling Eigedom og utbygging i VLFK. Prosjektleder for symjehallen.
Wigger Liahagen:	Avdeling Eigedom og utbygging i VLFK. Innkjøpsansvarleg i VLFK.
Marianne Ose Askvik:	Avdeling Kultur og folkehelse i VLFK.
Christina Fiona Dunn:	Interiørarkitekt Norconsult.
Håvard Ese Eliassen:	Kultursjef Sogndal kommune.
Eline Orheim:	Leiar i kunstrådet i Sogndal kommune.
Helle Rabbås:	Representant på vegne av

Jorunn Felde:	Kunstbygda Balestrand AS.
Alvilde Tonheim Hågvar:	Rektor på Sogndal vgs., VLFK.
Hans Fredrik Hagelin Moe:	Elevrådsrepresentant Sogndal vgs.
	Elevrådsrepresentant Sogndal vgs.

SOGNDAL

Sogndal er ein kommune i Vestland fylke og består av dei tidlegare kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal, som vart slått saman frå 1. januar 2020. Kommunen grensar til kommunane Sunnfjord, Luster, Lærdal, Vik og Høyanger. Kommunen har eit areal på 1 257,89 km² og har om lag 13 000 innbyggjarar (2026). Dei siste åra har Sogndal hatt sterkt folkevekst.



Symjehallen er bygning lengst framme i bilettflata, der ein kan sjå drageløparane stikke ut av fasaden.

Sogndal kommune er regionsenteret i Sogn. Kommunesenteret er tettstaden Sogndal, medan Leikanger er administrasjonsstad i kommunen der politisk og administrativ leiing er lokalisert. Landskapet i Sogndal har djupt nedskorne dalar og fjordar mellom høge fjell. Det høgste punktet er Grensevarden på Jostedalsbreen, 1740 meter over havet.

Det meste av busetjinga i Sogndal er i områda i og kring tettstaden Sogndalsfjøra. Elles er det relativt tett busetjing i tettstadene Balestrand, Kaupanger og Hermansverk/Leikanger. Kommunen har høg næringsvariasjon, reiseliv og eit godt eigna klima for frukt og bærproduksjon.

Les meir om Sogndal på kommunen sine heimesider

<https://www.sogndal.kommune.no/> og Store norske leksikon

<https://snl.no/Sogndal>



Symjehallen vert både rehabilitert og får bygt eit nytt opplæringsbasseng.

SYMJEHALLEN, VIDAREGÅANDE SKULE OG BRUKARANE

Symjehallen vart bygt i 1969 og er teikna av arkitektkontoret Arnstein Arneberg. Det er eit karakteristisk bygg, mellom anna grunna limtredragarane som er ført gjennom ytterveggen og

seksjon for kulturarv blei involvert for ei kulturminnefagleg vurdering av bygget. Symjehallen ligg på området til den vidaregåande skulen og er viktig for Sogndal, der kommunen står som største leietakar med 21 timer veka dagtid og 19 timer veka kveld/helg. Sogndal vidaregåande skule nyttar symjehallen 5 timer veka dagtid, og idretten/frivilligheit 9 timer veka kveld/helg. Brukarar av bygget er grunnskule, vidaregåande skule, Raude Krossen, dykkarklubben, revmatikarar, idrettslaget, frisklivssentralen, astmatikarar, babysymjing, born og vaksne med behov for habilitering. Symjehallen er også open for ålmenta.



Visualisering av opplæringsbassenget, som kjem i tilbygget til det restaurerte, eksisterande bassenget. Visualisering utarbeida av Norconsult Norge AS.

Sogndal vidaregåande skule har omlag 750 elevar og 140 tilsette. Det meste av opplæringa er på Fosshaugane i Sogndal. Opplæring for yrkessjåfør er på Kaupanger. Sogndal vidaregåande skule tilbyr åtte utdanningsprogram, både studieforbereidende og yrkesfagleg retta. Desse er:

- Studiespesialisering
- Idrettsfag
- Helse- og oppvekst
- Restaurant- og matfag
- Sal, service og reiseliv
- Teknologi- og industrifag
- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag

I tillegg har Sogndal vidaregåande skule landslinje for yrkesjåførar, fengselsopplæring i Vik, innføringsgruppe for minoritetsspråklege og ulike vaksenopplæringskurs. Det er fleire gutar enn jenter på skulen og fleire som studerer yrkesfag enn studiespesialisering. Skulen arbeider systematisk med å få fleire jenter til å velje yrkesfag. Det er eit stabilt antal elever og stort fokus på meistring i skulekvardagen.

Lokasjon Oversikt og Situasjonsplan

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602 Dokumentnr.: 01-A-90-1Dato.: 06/19/26 Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall



SKILDRING OG ANALYSE AV BYGG OG Plass



Visualisering av opplæringsbassenget, utarbeida av Norconsult Norge AS.

Symjehallen ligg tett knytt til nabobygget, Sogndal vidaregåande skule. Det eksisterande bygget vart bygt i 1969 og skal rehabiliterast, samt at det skal byggjast eit tilbygg med opplæringsbasseng. Dei eksisterande bjelkane og taket skal skiftast – takhøgda skal aukast frå 3 til 5 meter. Overløpsløyisinga skal endrast ved å etablere slukrenner i golv langs bassengkanten og universell utforming skal betrast med å løfte bassenget for å unngå trappetrinn frå garderobe til basseng. Føresetnad for vurderingane er ei ynskt restlevetid for symjehallen på minimum 30 år. Dei dominerande materiala i symjehallen er akustiske spilevegger i ask, porselenfliser i blånyanser, samt troldekt natur i himling over bassenga. Symjehallen er opplyst av LED-striper mellom spilene i vegg.



Visualisering av treningsbassenget, utarbeida av Norconsult Norge AS.

Symjehallen spiller ei viktig rolle for kommunen sine innbyggjarar i alle aldre. Ved sida av å vere arena for å lære barn og unge å symje, er det også ein stad for habilitering, babysymjing og som øvingsarena for Raude Krossen og dykkarklubben. Ved å utarbeide universell utforming utvider symjehallen sitt bruksområde og tilpassar seg enda fleire av innbyggjarane.

Basert på den kulturminnefaglege vurderinga, blei det gjennomført ein arkitektkonkurranse med tre arkitektfirma. Av desse vart arkitektkontoret A38 valgt og var med i ein handsamingsfase fram til tilbodet vart utsend. Norconsult har utvikla designet vidare med val av material, strukturell koordinasjon og teknisk utvikling. I mars 2024 vart planane presenterte for Sogndal kommune, som derpå lanserte ideen om samarbeid der det vert bygd eit tilbygg med opplæringsbasseng.

Opplæringsbasseng Materialer

Oppdragsgiver.:


Oppdragsnr.: 52504602

Dokumentnr.: 01-A-90-2

Dato.: 06/19/26 Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall

Plan diagram



Materialer:




Himling: Troldekt Lys natur ultrafine



Integrert sittebenk - Casalgrande Padana Landscape 25 x 12,5 cm, tekstur: Satin, Farge: 200 Bay



Eksisterende betong vegg med semitransparent mørkpigmentert betong i farge NCS 5502Y.



Flis på gulv og sokkelflis - Casalgrande Padana Elementi 25 x 25 cm, uglasert Matt tekstur porselenflis



Bassengbunn og vegger - Casalgrande Padana Landscape 12,5 x 25 cm glasert keramiske flis, satin tekstur i Tundra Hvit farge



Bassengbunn, oppmerking - Casalgrande Padana - Landscape 12,5 x 25 cm glasert keramiske flis, satin tekstur i Ocean mørkt blå farge



Dørfarge i svømmebassengareal: NCS S4005-Y20R

Veggabsorbenter:




Diagram av Baux panel - Foreløpig forslag til veggmonsterdesign for Baux akustiske paneler med bruk av 3 farger.



1 BAUX Panel i NCS 1515 B farge



2 BAUX Panel i Air Jade Green



3 BAUX Panel i Sky Antique Blue



Akustisk spilevegg: hvitpigmentert spiler i ask med hvit duk, Treprofil: 21 x 43 liggende profil med 21 mm mellomrom.

Opplæringsbasseng Opprisser

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602


Dokumentnr.: 01-A-90-3

Dato.:


Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall


Obs! Alle oppførte dimensjoner er estimerer og må bekreftes på stedet




Oppriss mot vest



Oppriss mot nord



Oppriss mot øst



Oppriss mot sør

Opplæringsbasseng sikkerhetssoner

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602

Dokumentnr.: 01-A-90-5

Dato.: 06/19/26



Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall

Areal innom sikkerhetsone (areal merket i gul) må blifri av kunst.

Hele gulvet (begge inni sikkerhetsone og uten sikkerhetsone) er ikke tilgjengelig til kunst.

Areal utenfor sikkerhetssone, på vegg og/eller ned fra/på himling er tilgjengelig til kunst.



Opplæringsbasseng visualiseringer

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602

Dokumentnr.: 01-A-90-4Dato.: 06/19/26

Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall



Treningsbasseng materialer

Oppdragsgiver.:


Oppdragsnr.: 52504602

Dokumentnr.: 01-A-90-6


Dato.: 06/19/26 Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall

Plan Diagram



Veggabsorbenter:



1 BAUX Panel i
NCS 1515 B farge



2 BAUX Panel i
Air Jade Green



3 BAUX Panel i Sky
Antique Blue



Dørfarge i
svømmebassengareal: NCS
S4005-Y20R

Diagram av Baux panel - Foreløpig forslag til veggmonsterdesign for Baux akustiske paneler med bruk av 3 farger. Mønsteret skal utvikles videre for å koordinere bedre med veggdimensjoner på fasader.




Himling og
veggabsorbenter:
Troldekt Lys natur
ultrafine



Akustisk spilevegg: hvitpigmentert spiler i ask med hvit duk,
Treprofil: 21 x 43 liggende profil med 21 mm mellomrom.




Flis på vegg
Landscape
25 x 25 cm,
satin tekstur,
farge Tundra



Flis på gulv -
Casalgrande Padana
Elementi 25 x 25 cm,
uglasert Matt tekstur
porselenflis

Tundra 100



Bassengbunn og
vegger - Casalgrande
Padana Landscape
12,5 x 25 cm glasert
keramiske flis, satin
tekstur i Tundra Hvit
farge

Ocean 202



Bassengbunn,
oppmerking - Casalgrande
Padana - Landscape 12,5
x 25 cm glasert keramiske
flis, satin tekstur i Ocean
mørkt blå farge



Benkvegg og topp -
Casalgrande Padana
Landscape 25 x 12,5 cm,
tekstur: Satin, Farge: 200
Bay

Treningsbasseng Opprisser

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602


Dokumentnr.: 01-A-90-7

Dato.: 06/19/26


Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall


Obs! Alle oppførte dimensjoner er estimerer og må bekreftes på stedet




Oppriss mot nord



Oppriss mot vest



Oppriss mot sør



Oppriss mot øst

Treningsbasseng - Sikkerhetsone

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: 52504602

Dokumentnr.: 01-A-90-8


Dato.: 06/19/26 Sign.: Chdunn

► Sogndal VGS Symjehall

Areal innom sikkerhetsone (areal merket i gul) må blifri av kunst.

Hele gulvet (begge inni sikkerhetsone og uten sikkerhetsone) er ikke tilgjengelig til kunst.

Areal utenfor sikkerhetssone, på vegg og/eller ned fra/på himling er tilgjengelig til kunst.



Plan view

Treningsbasseng visualiseringer

Oppdragsgiver.:

Oppdragsnr.: **52504602** Dokumentnr.: **01-A-90-9**Dato.: **06/19/26** Sign.: **Chdunn**

► Sogndal VGS Symjehall



KUNSTUTVALETS OVERORDNA IDÉ OG INTENSJON FOR KUNSTEN - OMRÅDE OG KUNSTFORM

Kunstutvalet ønskjer kunstverk av høgt kunstnarleg nivå.

Symjehallen er ein felles arena for alle Sogndals innbyggjarar, der ein kan møtast på tvers av generasjonar, klasse og føremål. Det er ein arena for glede og nytte, så vel som ein arena for å lære viktig kunnskap og ferdigheiter. Kunstutvalet ønskjer kunstverk som går desse arenaene i møte, og kan inngå i eit større fellesskap på ein nærværande måte. Kunstverket/kunstverka kan invitere til refleksjon, utfordre tankjer og opne for nye perspektiv.

Symjehallen har naturlege avgrensingar for kunstverk av hygieniske, plassmessige og praktiske årsaker. Sjå visualisering for sikkerheitssoner på side 13 og 17 for detaljert beskriving. Det er eit fuktig og varmt miljø som set krav til type material over tid, og kunstverk må ta høgd for, og klare å bere dette miljøet. Til dømes er eigna material tre, glas, keramikk og handsama metall. Kunstutvalet er opne for nytte av andre materiale så lenge dei har varande eigenskaper som kan tole miljøet. Det er noko moglegheit for ljuskunst. Aktuelle plasseringar for kunstverk i symjehallen er peika ut til å vere:

- Kunst frå taket (himling).
- Kunst på vegg.
- Kunst på glasflater mellom bassenga (innanfor krav om foliering, universell utforming).

Kunstverk må ta omsyn til reinhald og vedlikehald. Det er ikkje mogleg å integrere kunst i bassenget i golv, fliser eller vegg.

Kunstutvalet ønskjer éin kunstnar som får heile oppdraget og at denne arbeider i begge rom (symjehall og opplæringsbasseng). Val av område og type kunstverk veljast etter idékonkurranse.

METODE FOR VAL AV KUNSTNAR

Kunstutvalet ønskjer å invitere profesjonelle kunstnarar til å melde interesse for kunstprosjektet for Sogndal Symjehall i ei ope prekvalifisering. Dette er for å gje alle kvalifiserte og relevante kunstnarar moglegheit til verte vurderte, også om dei er nyetablerte i Noreg eller av andre grunnar ikkje er kjende for utvalet frå før.

Kunstutvalet vel kunstnar/ar til idékonkurranse på fritt grunnlag. Kunstutvalet har rett til å invitere kunstnarar som ikkje har meld seg gjennom prekvalifiseringa, samt å lyse ut på nytt dersom ein ikkje mottek relevant interesse.

Utlysinga vert annonsert i digitale fora, både på fylkets heimesider og via ulike regionale og nasjonale informasjonskanalar for profesjonelle kunstnarar.

FORMIDLING

Kunstutvalet vil arbeide for å gjere kunsten mest mogleg kjend og tilgjengeleg både for dei daglege brukarane og ålment elles. Dette kan gjerast gjennom presentasjonar i symjehallen og/eller den vidaregåande skulen og oppslag i media. Det vil verte laga ein fyldig presentasjon på kommunen/skulens heimeside og til Vestland fylke sine heimesider om kunst i offentleg rom.

BUDSJETT

Budsjettet er førebels og i hovudtal.

BUDSJETTRAMME	1 030 590
Prosjektleiing og administrasjon total:	154 588
herav:	
Kunstkonsulent honorar 10%	103 059
Reise, uforutsette utgifter 5%	51 529
Kunstprosjekt total:	876 002
herav:	
Konkurranssekostnader (honorar, reise)*	105 000
Kunstverk	615 835
BKH-avgift 5%**	32 415
Fotodokumentasjon, formidling, skilt	25 000
Opningsmarkering	10 000
Reserve ca. 10%	87 752

*Honorar 30.000 á 3 deltakande kunstnarar, inntil 5000 á 3 for reise mot framvist kvittering.

**Avgifta er rekna frå ein totalsum på kunstverket på 648 300 kroner. Budsjettet syner tal der avgifta er trekt frå posten for kunstverk for å tydeleggjere 5%. Desse vert rapportert frå Vestland Fylkeskommune i etterkant av ferdigstilling av kunstverket/a.

FRAMDRIFTSPLAN

KVA	NÅR
Oppstart kunstutval	8. april 2026
Godkjenning kunstplan	mai/juni 2026
Utlysing open prekvalifisering	juni 2026
Søknadsfrist open prekvalifisering	oktober 2026
Val av kunstnarar til idékonkurranse	november 2026
Befaring kunstnarar	november/desember 2026
Levering utkast kunstnarar	februar 2027
Juryering	snarast
Kontrahering kunstprosjekt	mars/april 2027
Ferdigstilling kunstprosjekt	august 2027